



Fjeldrosa Eiendom AS
Vestbygdvegen 56
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/186 - 18/1350

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
30.01.2018

Seksjonering Gbnr 45/449 Manger - oppdeling i eigarseksjonar - vedtak

Delegasjonssak nr.: 021/2018

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om seksjonering av tremannsbustad på gnr. 45 bnr. 449 Manger. Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 24.09.2015 i sak 237/2015.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Selfallet nord er definert som område for konsentrerte bustadeiningar.

Formålet med bruken er såleis i tråd med løyvet.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med vedtekter som stetter krava, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av tremannsbustad på gnr. 45 bnr. 449. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjonar § 9.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fjeldrosa Eiendom AS

Vestbygdvegen 56 5918

FREKHAUG